

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 11.05.2021

SAKSHANDSAMAR: Trine Vingsnes/Anne Kristin Kleiven

SAKA GJELD: **Regional plan for habilitering og rehabilitering - uttale**

ARKIVSAK: 2020/5600

STYRET:

Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:

25.05.2021

STYRESAK:

032/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret støttar «Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering. Prioriterte innsatsområde,» april 2021 i Helse Vest (vedlegg).
2. Styret vurderer at planen vil vere eit godt verktøy og retningsgjevande for regionen og Helse Førde sitt vidare arbeid innan dette viktige området. Innfasing av tiltak i føretaket må sjåast ut frå ei samla vurdering av status, behov og ressursar. Det vert også viktig å samarbeide med og samordne arbeidet med kommunane i helsefellesskapet.
3. Styret ber om å bli orientert om vedteken plan etter handsaming i Helse Vest sitt styre, saman med ei løypemelding frå Helse Førde sitt utviklingsprosjekt for habiliterings-/rehabiliteringsområdet.

Oppsummering

Helse Førde HF har motteke «Regional plan for habilitering og rehabilitering» (vedlegg) til uttale. Planen gjev retning og prioritering på sju sentrale område. Eit godt, meir heilskapleg og samordna tilbod til pasientane vil krevje vidare satsing på og utvikling av tenestene for pasientgrupper som har høg priorititet i nasjonale føringer.

Helse Førde har delteke i arbeidet og gir støtte til måla som retningsgjevande for arbeidet framover. Planen samsvarer med arbeidet føretaket er i gang med; eit eige prosjekt for å planlegge «Framtidige tenester innan fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering,» under program Pasientens helseteneste. Prioritering og innfasing av tiltak på udekka område vil i Helse Førde skje ut frå tilrådingar frå dette prosjektet, og ei samla vurdering av behov, tilgang på kompetanse, byggutvikling og økonomiske ressursar.

Fakta

Helse Vest har sendt utkast til ny Regional plan for rehabilitering og habilitering 2021 – 2024 til uttale hjå helseføretaka, jamfør oversending av brev frå Helse Vest 28. april 2021 (vedlegg). Det er føresett styrehandsaming i kvart føretak før styrehandsaming i Helse Vest i juni eller rett over sommaren 2021.

I oversendingsbrevet frå Helse Vest står det:

«Med bakgrunn i at det var brei involvering i arbeidet med den eksisterande planen, blei det ikkje lagt opp til involvering av kommunar eller andre eksterne samarbeidspartar i arbeidet med oppdateringa. Det blir lagt til grunn at kommunane er involverte ved revidering av utviklingsplanar i helseføretaka der også habilitering og rehabilitering bør inngå. Samarbeid om habilitering og rehabilitering er inkludert i samarbeidsavtalene mellom kommunar og helseføretak, og gjennom samarbeidet i helsefellesskap skal kommunar og helseføretak planlegge tenester i fellesskap.»

Planarbeidet har føregått med deltaking frå helseføretaka. Undervegs har ein henta inn innspel frå ulike fagområde og aktuelle leiarar. Den oppdaterte planen skal styrke og ytterlegare målrette arbeidet med dei viktigaste tiltaka. Utkast til ny plan er mellom anna basert på innspel frå dialogmøte med dei aktuelle fagområda i helseføretaka, i tillegg til brukarrepresentant, tillitsvalde, regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering. Det har òg vore rundar med skriftlege innspel. Utkastet vil bli lagt fram for styret i Helse Vest RHF i juni 2021 dersom alle føretaka har handsama utkastet innan då.

Utgreiinga i «Regional plan for habilitering og rehabilitering» (2016-2020) ligg framleis til grunn. Status for oppfølging av tiltaka i gjeldande plan blei kartlagt hausten 2020. Nasjonal helse- og sjukehusplan (2020-2023) har gitt nye føringer sidan førre plan. Den legg opp til at helseføretaka og kommunane i fellesskap skal planlegge tenester for pasientar som treng

tenester frå begge partar. Planen legg føringar for kva grupper som skal ha prioritet framover, mellom dei born og unge og personar med fleire kroniske lidingar. Dette er pasientgrupper som ofte er mottakarar av habiliterings- og rehabiliteringstenester.

Hovudgrepa i den reviderte planen er formulert i sju hovudområde:

- 1) Betre implementering av koordinator-ordninga i sjukehusa
- 2) Inkludere rehabilitering for barn og unge i «[Barn og unges helseteneste](#)»
- 3) Styrke legeressursar og nødvendig kompetanse innan rehabilitering for barn, unge og vaksne
- 4) Tidleg start av rehabilitering
- 5) Redusere variasjon innan seinfaserehabilitering
- 6) Vidareutvikle infrastruktur for samarbeid på tvers om forsking og kunnskapsutvikling
- 7) Utvikle styringsdata og betre datakvalitet

Planutkastet har korte omtalar av dei utvalde innsatsområda. Her er konkrete mål, tiltak for å nå måla samt indikatorar for måloppnåing.

Parallellt med revisjonen av den regionale planen er Helse Førde HF i gang med sitt eige utviklingsprosjekt for rehabiliterings- og hablitingstenestene. Prioriteringar og føringar i den regionale planen er/vil vere del av grunnlaget for vårt lokale arbeid. Prosjektet vil vurdere og tilrå korleis vi kan prioritere og fase inn tiltaka i den regionale planen.

Konklusjon

Administrerande direktør rår styret til å slutte seg til utkast til «Regional plan for rehabilitering og habilitering».

Helse Førde har delteke i arbeidet, og fagmiljøa gir støtte til måla som retningsgjevande for arbeidet framover. Planen samsvarer med det arbeidet føretaket er i gang med som eige prosjekt «Framtidige tenester innan fysisk medisin, rehabilitering og habilitering,» under program Pasientens helseteneste. Prioritering og innfasing av tiltak på udekka område vil i Helse Førde skje ut frå tilrådingar frå dette prosjektet og ei samla vurdering av behov, tilgang på kompetanse, byggutvikling og økonomiske ressursar.

Administrerande direktør vil seinare orientere styret om vedteken plan.

Vedlegg:

1. Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering. Prioriterte innsatsområde. April 2021
2. Brev frå Helse Vest vedr. Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering, 28.04.2021